




GJESDAL KOMMUNE
TJENESTEOMRÅDE OPPLÆRING

1/1



Kultur- og kirkedepartementet

Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Saksnr. 2007/000108

Arkiv C60-&13

Dato 27.04.2007

Deres dato

Deres ref.

Vår saksbehandler Ingvild Seland

Høring - Bibliotekreform 2014

Det blir vist til departementet sitt høyringsbrev datert 05.01.2007.

Driftsutvalget i Gjesdal kommune behandla saka i sitt møte 24. april 2007, sak 32/07.
Driftsutvalget gjorde fylgjande einstemmige vedtak:

1. *Gjesdal kommune støttar idéen om eit samarbeidande nettverk i "Norgesbiblioteket" og satsinga på "Det digitale biblioteket".*
2. *Gjesdal kommune vil rå frå at det blir arbeidd vidare med planane om konsolidering som einaste verkemiddel for å nå målsettingane om ein styrka biblioteksektor.*
3. *Prosjektmidlar og andre ekstra løyvingar må ikkje øymerkast dei konsoliderte biblioteka, en må også kunna gå til andre som kan leggja fram gode utviklingsprosjekt og samarbeidsløysingar.*

Vedlagt fylgjer saksutgreiinga i sak 32/07.

Med helsing
GJESDAL KOMMUNE

Ingvild Seland

Ingvild Seland
biblioteksjef

Postadresse
Gjesdal Kommune
Rettedalen 1
4330 Ålgård
Besøksadresse
Storahuset

E-postadresse
postmottak@gjesdal.kommune.no
Telefon
51611100
Telefaks
51618956

Tjenesteområde opplæring
Rettedalen 1, 4330 Ålgård
Telefon 5161 1260
Telefaks 5161 8445
Besøksadresse
Rettedalen 7

Bankkonto
6350.05.38750
Foretaksregisteret
964978573



Saksframlegg for Driftsutvalg

032/07 Høyring - Bibliotekreform 2014

Saksbehandler Ingvild Seland - opplær

:

Dato: 17.04.2007

Arkivref.: 2007/000108-2 / C60-&13

Utvalg	Møte- dato	Utvalgs- saksnr.	Beh.- status	Besluttende organ
Driftsutvalg	24.04.2007	032/07	-	Ja

(Beh. status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig behandlet, UT=Utsatt, TB=Tilbakeført til forrige utvalg)

Underretning sendes:

- parter i saken
- øvrige

Dokumenter vedlagt saken:

Høringsbrev fra Det Kongelige Kultur- og Kirkedepartement, datert 05.01.2007
Hefte ang. biblioteksreform 2014 - kun til faste medlemmer i utvalget

Øvrige dokumenter i saken:

Rådmannens innstilling

1. Gjesdal kommune støtter idéen om eit samarbeidande nettverk i "Norgesbiblioteket" og satsinga på "Det digitale biblioteket".
2. Gjesdal kommune vil rå frå at det blir arbeidd vidare med planane om konsolidering som einaste verkemiddel for å nå målsettingane om ein styrka biblioteksektor.
3. Prosjektmidlar og andre ekstra løyvingar må ikkje øyremerkast dei konsoliderte biblioteka, men må også kunna gå til andre som kan legga fram gode utviklingsprosjekt og samarbeidsløysingar.



SAKSUTREDNING

Dato 11.04.2007 Saksnr.: 2007/000108

Arkiv: C60-&13 U.off §:

Saksbehandler Ingvild Seland

Til
Driftsutvalget

Kopi:

Høring - Bibliotekreform 2014**Bakgrunn for saka**

Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har i brev av 14.12.06 sendt utgreiinga "Bibliotekreform 2014" ut på høring med frist 01.04.07. Høyringsfristen vart seinare forlenga til 1. mai. Utgreiinga er gjennomført av ABM-utvikling på oppdrag frå dei to departementa. ABM-utvikling som er statens senter for arkiv, bibliotek og museum, vart oppretta i 2003. Mandatet for denne utgreiinga fekk dei i 2004. Mandatet la vekt på at utgreiinga skulle handla om ein samla biblioteksektor: dvs. om alle typar bibliotek frå folke- og skolebibliotek til fag- og forskingsbibliotek. Utgreiinga består av del I: Strategier og tiltak og del II: Norgesbiblioteket - nettverk for kunnskap og kultur. Del I blir sendt ut saman med saka, del II kan lesast på denne web-adressa: http://www.abm-utvikling.no/publisert/ABM-skrift/2006/del2_web.pdf
Høyringsbrevet ligg ved saka.

SAKSOPPLYSNINGAR

Utgeiinga gir ein grundig oversikt over status på bibliotekområdet. Den viser m.a. til at Noreg ligg på sisteplass i Norden både når det gjeld løyvingar til biblioteka og bibliotekbruk. Ein kan t.d. sjå på folkebibliotekstatistikken for Noreg og Finland. Dei to landa har omtrent like mange kommunar. Finland har 5.2 mill. innb. Ca. 75 % av finske kommunar har under 10.000 innb. I Noreg er utlånet pr. innb.: 5,5, i Finland 21,1. Norske bibliotek har driftsutgifter på kr. 239 pr. innb., finske bibliotek har kr. 384 pr. innb. (tal frå 2004). Danske bibliotek bruker kr. 634 pr. innb.

I utgreiinga blir det foreslått ei stor satsing på bibliotek i åra fram mot 2014 med auka løyvingar over statsbudsjettet frå 337 mill. i 2008 til 416 mill. i 2014. Reforma krev også auka satsing på regionalt og lokalt nivå. Målet for reforma er at biblioteksektoren i 2014 skal bestå av eit samhandlande nettverk av sterke og kompetente bibliotek. Dei skal tilby gode, relevante og oppdaterte tenester og tilføra brukarane kunnskap, kompetanse og kulturopplevingar. For å nå målet, blir det skissert ei rekke strategiar som skal gje gode bibliotektenester uansett kva for bibliotek brukaren oppsøker.

Dei tre viktigaste elementa i den foreslåtte bibliotekreforma er fylgjande:

Felles nasjonale digitale tenester:

Ca. 30 % av dei foreslåtte auka løyvingane skal gå til eit program for digitalisering av materiale i arkiv, bibliotek og museum. Dette arbeidet krev utvikling av nasjonale standardar, format og retningslinjer slik at materialet kan gjerast tilgjengeleg på nettet.

Det blir også foreslått å kjøpa nasjonale lisensar på ulike kunnskapsdatabasar slik at tilgangen til desse ikkje blir avhengig av økonomi og prioriteringar på det lokale biblioteket. Tanken er at brukaren skal kunna logga seg på desse databasane ved hjelp av lånekortet sitt.

Norgesbiblioteket – nettverk av bibliotek i Noreg:

"Norgesbiblioteket" er namnet på det samarbeidande biblioteknettverket som skal bli sterkare gjennom realisering av strategiar og tiltak som blir foreslått i Bibliotekutgreiinga. Målsettinga er at brukaren skal få tilgang til den informasjonen eller det dokumentet vedkomande treng, uavhengig av personlege tilhøve som utdanning, kor ein bur, arbeidsplass og økonomi. Dette samarbeidet omfattar alle offentlege bibliotek og er også ope for private bibliotek som ser nytta av eit gjensidig samarbeid.

"Bibliotekreform 2014" handlar mykje om bibliotekstruktur og organisering. Det blir foreslått ei reform av bibliotekstrukturen som går ut på å etablere sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom ein konsolideringsprosess som omfattar biblioteka i fleire kommunar. (Utgreiinga definerer omgrepet "konsolidering" med "samling og styrking".) For at biblioteka skal kunna møte folk sine behov for kvalitativt gode bibliotektilbod, meiner utgreiinga at det er nødvendig å skapa større bibliotekeiningar med sterkare kompetansmiljø som kan yta betre tenester og utnytte ny teknologi. Fleire kommunar innanfor eit geografisk område skal difor gå saman om å etablere eit felles konsolidert bibliotek, som vanlegvis skal ha minst ei avdeling i kvar av kommunane. Gode hovudbibliotek med eit breitt tenestespekter vil vera kjernetilbodet. Eit konsolidert bibliotek skal ha minimum 6-8 årsverk fordelt på variert bibliotekfagleg kompetanse. Det betyr at folkebibliotek med færre enn fem årsverk må slåast saman med bibliotek i andre kommunar.

Kompetanseutvikling for tilsette:

Formålet er å styrka og fornya kompetansen i biblioteksektoren. Biblioteka skal ha ein brei og oppdatert kompetanse for å yta betre tenester. Bibliotekforskning skal gje ny kunnskap.

I tillegg til dette skal det fysiske biblioteket vidareutviklast som ein stad for læring, kulturformidling og som ein stad for integrering og kulturelt mangfald. Biblioteka skal i større grad vera eit unikt og synleg tilbod overalt der brukarane er: På nettet, i forskning og undervisning, og på det lokale biblioteket. . .

VURDERING

Bibliotekreform 2014 skisserer mange gode tiltak som kan styrka bibliotektilbodet til ulike befolkningsgrupper.

I høyringsbrevet blir det spesielt bedt om kommentarar til framlegga om endra biblioteklov, eit norsk digitalt bibliotek og konsolidering innan folkebiblioteksektoren.

Biblioteklov

Dagens biblioteklov omfattar folke- og fylkesbibliotek og ein del oppgåver som Staten har ansvaret for. Framlegget går ut på å endra lova slik at ho pålegg alle offentlege bibliotek å delta i biblioteknettverket, m.a. gjennom lånesamarbeid og kunnskapsdeling. Det er viktig at dagens føremål blir vidareført fordi kravet om fri tilgang til informasjon, kunnskap og kultur er grunnleggande for biblioteka som samfunnsinstitusjonar.

Digitalt bibliotek

Tilgangen via Internett gir lik tilgang til kjelder til kunnskap og kultur frå arkiv, bibliotek og museum uavhengig av kor ein bur. Dersom biblioteka skal imøtekoma brukarane sine behov i kunnskapssamfunnet, må dei ligga i front og fylgja samfunnsutviklinga. Ein må kunna møte den teknologiske utviklinga med ei satsing på digitalt innhald, nettbaserte tenester og digital infrastruktur. Dette medfører oppgåver som ikkje kan løysast av det enkelte bibliotek aleine, men som krev nasjonal satsing og samspel mellom fleire aktørar. Det er difor positivt med ei slik satsing som "Bibliotekreform 2014" legg opp til.

Konsolidering

Dette er det mest kontroversielle forslaget i utgreiinga. Det vil angå det store fleirtalet av folkebiblioteka. Heile 84 prosent av kommunane har i dag bibliotek med mindre enn fem tilsette. Gjesdal kommune fryktar at ei konsolidering betyr sentralisering av bibliotektenestene, noko som inneber dårlegare tilbod ute i distrikta.

Utgreiinga viser tydeleg kor dårleg det står til med norske folkebibliotek samanlikna med t.d. dei andre nordiske landa. Det trengs ei reform for å styrka biblioteka slik at alle i heile landet er sikra eit godt bibliotektilbod. Mange stader vil det vera viktig å sjå på strukturen for å finna nye og framtidsretta løysingar for organisering av biblioteka. Dette vil gjelda både kommunar imellom, innan den enkelte kommune der t.d. samarbeid med skolesektoren kan vera aktuelt, eller det kan vera samarbeid med andre ABM-institusjonar.

Gjesdal kommune trur ikkje at konsolidering er den einaste rette løysinga. Konsolideringsmodellen er ein modell som er overført frå museumssektoren, men bibliotek og museum er svært ulike på fleire måtar: Ein skilnad er at folkebiblioteket er ein del av det samla kommunale tenestetilbodet. Samarbeid med skole, barnehage, omsorgssektor og andre kommunale tenester er viktig for å gje lokalsamfunnet den bibliotektenesta det har behov for. Dersom små kommunar skal gje frå seg styringa over eige bibliotek, så vert dette samarbeidet vanskeleg.

Det er også store skilnader på korleis innbygarane bruker museum og bibliotek. Mange brukarar er på biblioteket fleire gonger i veka, det er ein viktig del av kvardagslivet deira. Det er også viktig at brukaren møter eit kompetent personale i skranken på det lokale biblioteket. Bruk av museum er annleis og krev ikkje same nærleik.

Difor trur ikkje Gjesdal kommune at modellen med konsolidering utan vidare let seg overføra til biblioteksektoren.

Det bør leggast opp til ei reform der ein kan nytta ulike organisasjonsmodellar for å utvikla biblioteka, slik at kommunane kan finna løysingar som er tilpassa lokale behov rundt i landet. Interkommunalt samarbeid og kjøp av tenester kan oppvega manglande kompetanse i små bibliotek.

Dei to fremste bibliotekforskarane her i landet, Svanhild Aabø og Ragnar Audunson peikar på viktige innvendingar mot konsolideringstanken i artikkelen sin om "Bibliotekreform 2014": "Godt verdigrunnlag, tvilsomme virkemiddel" i tidsskriftet "Prosa" nr. 1/07: Dei skriv m.a.:

"Om et bibliotek skal framstå som en aktiv møteplass i lokalsamfunnet, må det komme under huden på det aktuelle lokalsamfunnet. Det må kommunisere med kommunepolitikere, institusjoner og frivillige organisasjoner. Den bibliotekansvarlige må kunne lokalsamfunnet på fingrene og utvikle en politikk som er relevant for behovene i det samfunnet biblioteket skal være en møteplass for.

(...)

Et annet viktig poeng er at de konsoliderte bibliotekene vil være frikoblet fra politiske styringsnivåer. Vi sa innledningsvis at verdigrunnlaget i utredningen representerer et godt utgangspunkt for bibliotekpolitikk. Men da må bibliotekene forankres på et politisk styringsnivå. Det kan være kommunenivået, det fylkeskommunale nivået og det kan være det statlige nivået. Men det kan ikke være det konsoliderte nivået.

(...)

Derfor er vårt råd: Bring virkemidlene i samsvar med utredningens verdigrunnlag."

Transportordning

For dei små biblioteka er lånesamarbeidet viktig for å kunna gje brukarane eit likeverdig tilbod. Gjesdal har etablert ei regional transportordning mellom folkebiblioteka i 8 kommunar på Jæren / Stavanger-regionen + Universitetsbiblioteket i Stavanger. Vi støttar framlegget i utgreiinga om ei nasjonal transportordning som kan knyta saman dei ulike regionale ordningane som etter kvart vil bli etablert. Det blir vist til erfaringar frå Danmark som har stor nasjonal delfinansiering.

Forslag til vedtak

1. Gjesdal kommune støttar idéen om eit samarbeidande nettverk i "Norgesbiblioteket" og satsinga på "Det digitale biblioteket".
2. Gjesdal kommune vil rå frå at det blir arbeidd vidare med planane om konsolidering som einaste verkemiddel for å nå målsettingane om ein styrka biblioteksektor.
3. Prosjektmidlar og andre ekstra løyvingar må ikkje øymerkast dei konsoliderte biblioteka, men må også kunna gå til andre som kan leggja fram gode utviklingsprosjekt og samarbeidsløysingar.

Rådmannen i Gjesdal, den 11. april 2007



Jone Haarr
skolesjef

Ingvild Seland
Ingvild Seland
biblioteksjef